



Til info:

Krav om melding frå kommunane/ ungdomsskolane til fylkeskommunen om tiandeklassingar som kan søke om fortrinnsrett til eit særskilt utdanningsprogram eller om fortrinnsrett på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne

Kommunane skal sende melding til fylkeskommunen om tiandeklassingar som vil søke om fortrinnsrett i inntak til vidaregåande opplæring. Meldinga skal vere signert av søkar eller verge.

- **Frist for å sende melding er 1. oktober**
- **Meldinga er ikkje ein søknad om inntak til vgo**
- **Eleven må søke vidaregåande opplæring via Vigo.no innan 1. februar, og A-skjema må sendast inn**

Inntaksforskrifta §6-15, Fortrinnsrett til eit særskilt utdanningsprogram:

Tiandeklassingar som kan søke om fortrinn til særskilt utdanningsprogram, skal ha enkeltvedtak om rett til spesialundervisning, og utfordringar som gjer at dersom dei skal lukkast i å gjennomføre vidaregåande opplæring med full måloppnåing, er det berre **eitt** utdanningsprogram som er aktuelt. Dei skal kunne fullføre vidaregåande opplæring med yrkes- eller studiekompetanse.

Meldinga skal innehalde informasjon om:

- a) vanskane som ligg til grunn for enkeltvedtaket om spesialundervisning, og kvifor dei meiner søkjaren oppfyller vilkåra for inntak til særskilt utdanningsprogram*
- b) tidlegare tiltak*
- c) kva vanskane vil ha å seie for vidaregåande opplæring*

Dokumentasjon skal vere sakkunnig vurdering frå PPT, enkeltvedtak om rett til spesialundervisning, og individuell opplæringsplan (IOP) for 10. klasse. Fylkeskommunen bestiller sakkunnig vurdering for inntak frå PPT for dei elevane som kan fylle vilkåra. Søkarar som blir vurdert til ikkje å kunne søkje om fortrinn til særskilt utdanningsprogram, skal konkurrere seg inn i det ordinære inntaket.

Inntaksforskrifta §6-17, Fortrinnsrett for søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne

Tiandeklassingar som kan søke om fortrinn etter §6-17, er elevar med sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne. Dei skal ha enkeltvedtak om rett til spesialundervisning, og dei skal ha særlege behov for å bli tatt inn på ein vidaregåande skole som kan legge til rette for dei utfordringane dei har. Det kan vere behov for tilrettelegging av bygningsmasse eller behov for særskilt kompetanse ved skolen.

Meldinga frå kommunane må innehalde informasjon og dokumentasjon som viser kva for behov eleven har. Dette vil vere sakkunnig vurdering frå PPT, enkeltvedtak om rett til spesialundervisning, individuell opplæringsplan (IOP) og i nokre høve uttale frå helsevesenet, t.d. spesialisthelsetenesta, Statped osv.

Frå og med i år blir det ikkje gitt tilbakemelding frå fylkeskommunen om at meldinga er mottatt.